

# Frå Sarajevo til Suldal

**Ein forteljarkonsert som opnar sinn og hjarte for ei ung kvinne sine krigsopplevingar.**

**Ingeborg Tangeraaas**

Tamara frå Sarajevo var ikkje til stades då forteljarkonserten om krigsbakgrunnen hennar vart framført på Ryfylkemuseet på torsdag. Ho er aldri til stades på framføringane, til det er historia altfor nær og sterk. Me som var der, blei likevel godt kjend med henne gjennom Anne Elisebeth Skogen si intense historie, vakkert akkompagnert av fiolinist Xenia Berkova. Dei siste åra er forteljinga framført over tjue gonger, både her i fylket og på Sør- og Austlandet. – Det er ei gripande historie, seier Anne Elisebeth Skogen. – Folk som høyrer den lagar sine egne bilete. Slik skapar me forståing for lagnaden til Tamara og folket hennar i den tragiske ny-europeiske krigshistoria.

## Ung i krig

Tamara var berre 14 år gamal då krigen braut ut i Sarajevo. Ho var ein sorglaus ungdom som såg fram til sommarferien ved Adriaterhavet. Brått vart alt snudd på hovudet. Tamara, søstera, bestemora og foreldra flytta til kjellaren ilag med 16 andre familiar frå blokka der dei budde.

Den unge jenta kom aldri meir på skulebenken i heimlandet, men måtte bu i tilfluktsrommet med lite mat, folk som forsvann og stadige skytingar som gjorde både natt og dag utrygge. Tamara og søstera klarte å komma seg med på det siste flyet som gjekk frå Sarajevo til Beograd. Her venta dei i uvisse ein månad før foreldra klarte å flykta etter dei gjennom ein sønderskoten heimby. Familien budde i Beograd før dei kom til Tanum, via Voss og Nærlandsheimen til Suldal. Her bur Tamara framleis. Ho har fått mann og to søner. Den unge jenta som fekk alle røter slitne av som 14-åring, har slått nye røter i bygda vår.

## Prosess

–Nå har me funne forma på forteljarkonserten frå Sarajevo, seier Anne Elisebeth Skogen. Ho har hatt eit langvarig samarbeid med Tamara. Det er Tamara si historie, men formidling og tilpassing er Skogen si ære. Musikken er også viktig og har funne sitt endelege uttrykk ved folkemusikk frå Bosnia og Makedona. Historia er sterk, fengslande, trist og vemodig. Fiolinen forsterkar desse kjenslene. Berkova spelar mjukt, vart, dramatisk, intenst og lystig, alt etter som historia om Tamara skrid fram.



Forteljar Anne Elisebeth Skogen og fiolinist Xenia Berkova framfører ein respektfull og lærerik forteljarkonsert om unge Tamara.